

Vi tilbyr eit variert og godt ørretfiske på strekningen frå og med Øyangen, til og med Volbufjorden. Du kan løyse fiskekort på eit enkelt felleskort der du kan velja kva for lokalitet du ønsker å nytte. Ver oppmerksom på at det kan gjelde noko ulike reglar på dei ulike strekningane. Informasjon om dette står på fisketrygdavgiften til staten som du må ha løyst før du løyser fiskekort. Dette kan du kjøpe på postkontoret. For å hindre spreiring av fiskesjukdommar må du vere nøye med å reingjere fiskeutstyret før du startar fiske.

*Lykke til med ein triveleg fisketur!*

Die Angelstrecke zwischen Øyangen und dem Volbufjord ist besonders für Forellenangler ein ideales Revier. Sie entscheiden beim Kauf des Angelscheins, welche Strecke Sie beangeln möchten. Bitte beachten Sie, daß die Bestimmungen an den einzelnen Strecken etwas abweichen können. Voraussetzung für den Erwerb eines Angelscheins ist der staatliche Jahresfischerrechein, der in jedem Postamt erhältlich ist. Um eine Verbreitung von eventuellen Fischkrankheiten zu vermeiden, werden Sie gebeten, Ihr Angelgeschirr vor dem Angeln zu reinigen.

*Wir wünschen Petri Heil!*

We can offer excellent and varied trout fishing from Øyangen to Volbufjorden. A single joint fishing licence is available for this area where you can select the locality you prefer. Please note, however, that the rules may vary from one part of the area to another. Further details are available on payment of fishing fee which must be paid to the State before a fishing licence can be issued. You can pay this fee at the post office. To prevent disease spreading among the fish, we must ask you to make sure that your fishing equipment is quite clean before you start fishing.

*Have a good fishing trip!*

Dans le secteur compris entre le lac d'Øyangen et celui de Volbufjorden (tous deux compris) nous vous offrons des possibilités de pêche à la truite bonnes et variées. Il vous suffit d'acheter une carte de pêche du district, et de choisir la localité où vous désirez l'utiliser. Nous attirons votre attention sur le fait que les règles peuvent varier selon les lieux de pêche. Pour obtenir des renseignements à ce sujet. Il vous faut être titulaire du permis de pêche, c'est-à-dire vous être acquitté de la redevance d'Etat, avant d'acheter votre carte de pêche. Cette dernière est en vente dans les bureaux de poste. Afin d'éviter la propagation des maladies chez le poisson, vous devrez nettoyer avec soin votre matériel de pêche avant de vous mettre à pêcher.

*Bonne chance, et agréable partie de pêche!*

## GENERELL INFORMASJON

Felleskortet gjer deg høve til å løyse fiskekort for 5 ulike grunneigarlag på eit og same kort. Ved å nytte eit avkryssingssystem kan du sjølv velge kor du vil fiske og betalar for den strekninga du vil nytte på turen. Ynskjer du å ha høve til å bevege deg på heile strekningen kan du krysse av for fiske i alle lokalitetane.

Ver merksam på at det er noko ulike fiskereglar og fisketidar i dei ulike grunneigarlaga. Informasjon om dette finn du i denne folderen. Du vil finne informasjonstavlar og skilting av fiskeplassar langs heile vassdraget som vil hjelpe deg å finne fram.

Det er auro i heile vassdraget, i tillegg er det abbor i Volbufjorden. Ørkyte finns dessverre i heile vassdraget.

Fiskekort må løysast av alle over 16 år før fiske startar. Husk at du skal ha løyst fiskeavgift til staten før du kan løyse fiskekort. Kortet skal visast oppsynet uoppfordra saman med kvittering for betalt fiskeavgift. Ved manglande kort kan oppsynet innkreva eit gebyr på kr. 200,- i tillegg til fiskekortprisen.

Hjelp oss å unngå spreiring av fiskesjukdommar ved at du tørkar og reingjer alt fiskeutstyr før du fiskar i et nytt vassdrag. Har du fiska i eit med alvorlege fiskesjukdommar (til dømes Randsfjorden og Tyrifjorden) skal alt utstyr verte desinfisert. Merk at alt fiske med levande agn (ørkyte) er strengt forbode.

Ver merksame på garnfiske, og at garnet er merka med flytedupp.

## HUSK

- I UTMARK ER DET FRI FERDSEL FOR ALLE. På innmark (dyrka mark, inngjerda mark og plantefelt) er ferdsløse ikkje tillate i perioda 5. april – 15. september om ikkje det er særskild merkte stiar.
- VIS OMSYN TIL HUSDYR PÅ BEITE. Lukk grindar og ver varsame med gjerder.
- DET ER BANDTVANG FRÅ 1. APRIL og så lenge husdyr er ute på beite.
- Å SETA OPP TELT er forbode nærare bebygging enn 150 meter. Camping i meir enn to døgn på same plass krev tillating frå grunneigar.
- SØPPEL I NATUREN ER SKJEMMANDE og unødvendig. Forlat fiskeplassen slik du fann han.

*Skitt fiske!*



**FELLESKORTET**  
i Øystre Slidre

Velkomen til fiske  
i et variert område  
med elvar, fjorder  
og vatn